



Stian Wergeland  
Ørnetua 21  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3904 - 16/35116

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.12.2016

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll og dokumentasjon gbnr 102/130 Vabø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.12.16.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nytt kartutsnitt som syner eigedomsgrenser og avstand frå planlagt garasje til desse, de kan nytte vedlagd kart.
2. Det må opplysast om takvinkel på den planlagde garasjen.
3. Det må opplysast om kva grad av utnytting eigedomen får som følgje av planlagt tiltak. Det er i søknad om dispensasjon berre opplyst om at de søker om dispensasjon frå grad av utnytting på 25 %-BYA, de har ikkje opplyst om kva grad av utnytting eigedomen får som følgje av planlagt tiltak.
4. Søknaden må signerast av heimelshavar/tiltakshavar.
5. Det er ikkje opplyst kva naboar er varsla om, blanketten - gjenpart av nabovarsel skal leververast til kommunen.

**Kommunen ber om at tilleggskontroll og dokumentasjon vert sendt inn samla innan 31.01.16.** Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Vi gjer merksam på at skildra garasje ikkje er unnateke søknadsplikt. Garsjen vil vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav b jf. § 20-4 tiltak som er søknadspliktig som kan forestås av tiltakshavar.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.



## Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

kartutsnitt gbnr 102\_130

## Mottakarar:

Stian Wergeland

Ørnetua 21

5955

LINDÅS